

Vedlegg 2: Felles retningslinjer for offentlege verksemder

Brukarundersøkingar

Alle statlege etatar skal regelmessig gjennomføre brukarundersøkingar. Resultata av dei skal vere offentlege.

Alle statlege verksemder skal i årsrapporten rapportere om dei har gjennomført brukarundersøkingar og gjort dei offentleg tilgjengelege. Dei som ikkje gjennomfører brukarundersøkingar i 2010, skal rapportere om når slike undersøkingar vil finne stad. Overordna departement vidaresender rapporteringa samla til FAD så raskt som mogleg i 2011.

I arbeidet med brukarundersøkingar kan FADs vegvisar i brukarretting og brukarmedverknad vere nyttig.

IKT-arkitektur

For å sikre meir heilskap og samanheng skal statlege verksemder leggje ut dei sju felles arkitekturprinsippa (sjå vedlegg 5) til grunn når dei utviklar nye IKT-løysingar. Prinsippa gjeld både ved utvikling av nye IKT-system og ved vesentleg endring av eksisterande system. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) forvaltar prinsippa. Statlege verksemder skal òg ta i bruk felles løysingar for elektronisk ID, som Difi legg til rette for. I tillegg skal verksemdene bruke Altinn når dei produserer og gjer tilgjengeleg elektroniske tenester (jf. brev frå NHD av 8. april 2008 til alle departementa).

Statlege verksemder skal:

- a) leggje arkitekturprinsippa til grunn når dei utviklar sine IKT-system
- b) ta i bruk felles eID når dei legg nye e-tenester ut på nett. Felles elektronisk signatur skal takast i bruk når han ligg føre (frå 2010). Eigne eID-løysingar som etatane brukar på eksisterande tenester, skal fasast ut og erstattast av den felles infrastrukturen i Difi. Etatar som framleis ønskjer å bruke egne eID-løysingar, må grunngi dette
- c) grunngi dei tilfella der dei vel ikkje å bruke Altinn for produksjon av relevante tenester retta mot næringsliv og publikum

Verksemdene skal skrive i årsrapporten korleis dei har følgd opp punkt a-c. Overordna departement sender rapporteringa vidare til FAD og NHD.

Om ei verksemd kjem fram til at ho ikkje vil leggje fellesføringa om Altinn (c) til grunn, skal avviket grunngjevast. Ho skal då orientere overordna departement om denne grunnen *så snart avgjerda er teken*. Fagdepartementa rapporterer vidare til NHD så snart som mogleg.